



MØTEPROTOKOLL

Utval: Temagruppe for kulturbygging i Nye Volda Kommune

Møtestad: Volda Rådhus

Dato: 6.3.2018

Tid: 16:00

Desse møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Odd Harald Sundal	Leiar	Fellesnemnda
Ola Bergset Ulvedal	Medlem	Hornindal Frivilligsentral
Sigurd Tverberg	Medlem	Volda Ungdomsråd
Anett Mari Bugjerde	Medlem	Ressursperson Hornindal

I tillegg deltok også prosjektleiar i Nye Volda, Rune Sjugard og kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven på delar av møtet der det vart diskutert rammer for tiltaket og moglege tiltak fram mot 2020. Gruppa har som mål å presentere utkast til program til fellesnemnda sitt junimøte.

6/2018 Gjennomgang av referat frå forrige møte

Referat frå førre møte OK.

7/2018 Kartlegging av eksisterande samarbeid mellom lag og organisasjonar på tvers av grensa

Det er kome inn berre to tilbakemeldingar frå lag og organisasjonar i Hornindal. Astrid melde forfall, så talet på tilbakemeldingar i Volda kommune er uvisst. Tilbakemeldingane gjev såleis eit dårleg utgangspunkt for kartlegginga og vi må tenke nytt. Det er einigheit om at det truleg vil vere større engasjement dersom ein har meir konkrete prosjekt og at ein har midlar tilgjengeleg.

8/2018 Samarbeidsmodell for kulturbygging

Vi ser føre oss ein modell for kulturbygging der interesserte lag og organisasjonar får ansvaret for å lage til arrangement i fellesskap på tvers av grensa. Kulturbyggingsgruppa har som mål å kunne bidra økonomisk til slike arrangement. Vi skal stimulere til fleire arrangement som er tilpassa forskjellige lag av befolkninga, både kva gjeld alder og interesser.

9/2018 Ungdomsarrangement

I første omgang satsar vi på å arrangere eit større ungdomsarrangement på hausten 2018. Sigurd har kontakta ei rekke artistar for å få pris på konsert. Nokre skil seg ut som ekstra aktuelle og dette vil bli diskutert på eit møte i ungdomsrådet neste veke der også ungdommar frå Hornindal skal delta. Ungdommar på begge sider av kommunegrensa skal saman planlegge og gjennomføre dette.

Neste møte vert 19.4.2018